

DEN NORSKE KYRKJA

Bjergvin bispedømeråd

Fornyings-, administrasjons- og kirkedepartementet
Postboks 8004 Dep.
0030 OSLO

Dato: 01.12.2010

Vår ref: 09/191-4 GTM

Dykkar ref:

Bispemøtets preses - høyring

Høyringsfråsegn frå Bjergvin biskop og Bjergvin bispedømeråd

Presesfunksjonen i Bispemøtet i Den norske kyrkja

Høyringsnotatet frå Departementet, dagsett 24.09.2010, byggjer på dei politiske vedtaka som no ligg føre. Bjergvin biskop og Bjergvin bispedømeråd tek dette utgangspunktet til vitande.

Vi er samd med dei løysningar som Departementet føreslår både med omsyn til funksjonen og arbeidsoppgåvene for preses (punkt 3) og tilsynsområdet (punkt 4).

Likeeins trur vi at den ordninga som vert føreslegen for forholdet til Nidaros biskop og domprosten (punkt 5), er tenleg. Men her kan det òg oppstå visse vanskar i ein overgangsperiode, t.d. kva gjeld bruken av Nidaros domkyrkje.

Det er ein sjølv sagt sak at preses skal ha sete i Kyrkjemøtet, og dette kan gjerne skje gjennom at preses vert med i Nidaros bispedømeråd (punkt 6). Preses si deltaking i dette rådet lyt i hovudsak avgrensast til saker som vedkjem preses sitt tilsynsområde.

Nasjonalkyrkjelege funksjonar

Som ein ser av høyringsnotatet (punkt 3) gjorde Kyrkjemøtet i 2009 vedtak om å gje preses viktige nasjonalkyrkjelege funksjonar som t.d. å

- representere Den norske kyrkja ved offisielle høve i inn- og utland
- representere Bispemøtet i Kyrkjerådet og andre sentralkyrkjelege samanhengar
- vere ein synleg talsperson for kyrkja i media
- ivareta eit økumenisk og internasjonalt engasjement
- vere ein samlande identitetsmarkør for kyrkja
- målbera kyrkja sin visjon og gi retning for oppdraget til kyrkja
- ivareta, styrkje og vitalisere einskapens embete i kyrkja

I høyringsnotatet syner Departementet nokre konsekvensar av desse nasjonalkyrkjelege funksjonane (punkt 7). Vi er samd med måten forholdet til dei andre biskopane (7.1) og visepreses (7.2) vert teikna opp.

Vi har derimot innvendingar når det gjeld kontaktverksemd og representasjon (7.3). Ut frå den sterke nasjonalkyrkjelege leiarfunksjonen som no vert tillagd preses, er det einaste naturlege etter vårt syn at preses representerer Bispemøtet overfor storting og regjering. Denne kontakten har tradisjonelt skjedd gjennom Oslo biskop, men dette er etter vårt syn ikkje noko tilstrekkjeleg argument når ein no introduserer ei ny ordning for presesvervet i kyrkja. Likeeins kan det vere naturleg at preses tek over kontakten med kongehuset, men her kan ein òg sjå for seg at denne oppgåva framleis ligg hos Oslo biskop.

Framgangsmåte for utveljing av preses

Departement teiknar ut ein prosess for korleis preses skal veljast (punkt 7). Ein legg til grunn at tre kandidatar skal nominerast av Bispemøtet. Desse namna vert så sende til Kyrkjerådet, Nidaros bispedømeråd og tilsynsområdet for røystring. Vi er samde i at Kyrkjerådet og Nidaros bispedømeråd har ei sjølvstøtt rolle å spele i denne prosessen.

Men vi er ikkje samde når departementet i tilsynsområdet legg opp til at ein skal følgje vanleg prosedyre og la alle sokneråd og kyrkjeleg tilsette ta del i prosessen. Etter vårt syn vil dette føre til at det lokale tilsynsområdet får ei dominerande stilling som ikkje samsvarer med den nasjonalkyrkjelege funksjonen som preses er tillagd. Denne ubalansen vert ytterlegare forsterka ved at landets prostar og teologiske professorar ikkje får vere med i prosessen.


Etter vårt syn bør sokneråd og tilsette i tilsynsområdet ikkje ta del i valet av preses. Desse kan derimot bli inkluderte når ein skal velje regional biskop for Nidaros, då denne biskopen vil vere preses sin stadfortredar i tilsynsfunksjonen.

For ytterlegare å få fram det nasjonalkyrkjelege aspekt ved preses si teneste, vil det etter vårt syn ikkje vere unaturleg om alle landets bispedømeråd får ta del i prosessen fram mot utnemninga.

Departement legg opp til at prosessen vert avslutta ved at Bispemøtet sender over dei tre kandidatane til regjeringa i prioritert rekkefølge. På dette viset får biskopane ei svært sentral rolle i denne prosessen, og slik bør det også vere. Preses si fremste oppgåve er å vere leiar for bispemøtet, og det er avgjerande at preses då har tillit hos dei andre biskopane.

Med dagens kyrkjeordning er det enno regjeringa som utnemner biskopar, og dette gjeld også for preses. Det er likevel maktpåliggende for Bjørgvin biskop og Bjørgvin bispedømeråd å understreke at i denne saka som gjeld den viktigaste leiarstillinga i vår kyrkje, må kyrkja si prioritering bli følgd opp av regjeringa.

Med helsing



Gunvor Taule Mjanger
fung. stiftsdirektør